



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om auka slukeevne i Kvitno kraftverk i Ullensvang kommune

Statsforvaltaren vurderer at endra slukeevne for Kvitno kraftverk vil vere negativt for naturmiljø og friluftsliv knytt til elva, men ikkje i ein slik grad at vi vil rå frå planendringa.

Vi viser oversendinga 8. desember 2020 som gjeld høyring av søknad om planendring for Kvitno kraftverk.

Planendringa gjeld:

- Redusert minste driftsvassføring frå 0,19 m³/s til 0,10 m³/s.
- Auka maksimal slukeevne frå 2,7 m³/s til 3,05 m³/s, eller subsidiært til 2,88 m³/s.

Samla kan desse to endringane auke det årlege energiutbygget med 1,56 GWh.

Vår vurdering

I konsesjonen er det sett vilkår om differensiert minstevassføring for sommar og vinter på 5-persentilnivå. Det er lagt til grunn at dette skal avbøte ein del av den negative verknaden på naturmiljø og friluftsliv i området. I høyringsfråsegna til konsesjonssøknaden meinte vi at dei største konfliktane ved eit utbygging ville vere inngrepa i landskap og naturmiljø, og i område av regional verdi for friluftslivet.

For Kvitno kraftverk er slukeevna i dag godt innafor vanleg nivå for kraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra; maksimal slukeevne utgjer 1,69 x middelvassføringa, og minste driftsvassføring utgjer om lag 0,12 x middelvassføringa.

Ei slukeevne på 3,05 m³/s vil utgjere 1,91 x middelvassføringa, og dette er også innafor vanleg nivå for nyare kraftprosjekt. Den ønskete minste slukeevna vil utgjere 0,06 x middelvassføringa, noko som ser ut til å vere heilt i nedre sjikt av det som har vore vanleg ved nye utbyggingar dei seinare åra.

Dynamikken i elva vil bli redusert ved at det blir fleire døgn utan noko tillegg til minstevassføringa, og dette er uheldig for naturmiljø og landskap/friluftsliv. Vi konstaterer likevel at vassutnyttinga framleis ser ut til å ligge innafor vanlege rammer for småkraftverk, og at minstevassføringa er på eit nivå som skal avbøte negative konsekvensar av utbygginga.

Vi meiner det bør vere ein viss terskel for å akseptere auka vassutnytting i disfavør av allmenne interesser. Det er også uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at



konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. I denne saka ser det likevel ut til at det kan vere akseptabelt å opne for ei viss justering av slukeevneintervallet. Endringa vil også auke det årlege energiutbyttet. Vi vil ut frå dette ikkje rå i frå planendringa.

Med helsing

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM